



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 06. september 2017 kl. 09.00 – 11.00  
Stad: Formannskapssalen, kommunehuset  
Tilstade: Rolf Henning Hegland (fung.leiar), Anne Kristin Tonning, Kåre Helge Østrem,  
Kåre Mestad, Sissel Bjørke (frå sak 41/17)  
Ordførar Astrid Aarhus Byrknes  
Forfall: Peder Jøsendal, Rebecca Duesund Fjeldsbø  
Innkalla: Økonomisjef Janne Sund (til sak 41/17 og 42/17)  
Frå revisjonen: Frode Løvlie

Sekretær: Øivind Olsnes

---

**38/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

**39/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte 31.05.17 er godkjent.

**40/17 Skriv og meldingar:**

- a. Fylkesmannen, tilsyn Nordhordland legevakt
- b. Deloitte AS – status forvaltningsprosjekt

Ordførar svarte på spørsmål vedkomande tilsyn ved Nordhordland legevakt  
Revisjonen orienterte om og svarte på spørsmål til utsendt notat.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

**41/17 Orientering om arbeidet med felles lønn- og rekneskapskontor**

Janne Sund, økonomisjef i Lindås kommune, hadde ein gjennomgang av arbeidet med felles lønn- og rekneskapskontor for kommunane Lindås, Meland og Radøy.  
Det vart mellom anna peika på:

- Bakgrunn
- Skal setjast i verk 01.08.2018
  - Lindås kommune vertskommunen – lokalisert sentralt i Knarvik juni 2018
  - Verksemdsoverdraging (er under drøfting)
- Tydeleg på kva som det nye kontoret skal løyse og kva det skal ha ansvar for



- Effektmål og avgrensingar
- Prosjektplanen – kva skal leverast og korleis
- Organisering og ansvar
- Styringsgruppa sitt svar på bestilling av
  - Hovudleveransar
  - Risikovurdering
- Framdrift for prosjektet
- Parallelt med dette vert det jobba med felles standard for dei 9 kommunane i Nordhordland for å kunne jobbe likt og ta i bruk dei same verktøya

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god informasjon og tok saka til orientering.

**42/17 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn pr. 28.08. 2017**

Saksvedlegg: Økonomisk oversikt, kontrollutvalet i Lindås kommune

For å sikre god internkontroll, ønskjer kontrollutvalet å gjennomgå oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Økonomisjef Janne Sund møtte i saka for å gjennomgå rekneskapstala for kontroll og tilsyn. Netto forbruk så langt er 414.000, det er 216.000 mindre enn periodisert budsjett. Vesentleg skuldast dette lågare påløpte kostnader for kjøp av tenester (revisjon/forvaltningsrevisjon).

Det er ikkje noko som tyder på at det vert noko overforbruk.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok saka til orientering.

**43/17 Budsjettplan for kontrollutvalet 2018**

Kontrollutvalet kan kome med tilråding til kommunestyret når det gjeld budsjett for kontrollutvalet. Med bakgrunn i tidlegare års rekneskap og vurdering av neste års ressursbehov har kontrollutvalet sett opp følgjande framlegg:

	Budsjett 2016 Vedteke av kommunestyret 17.12.2015	Budsjett 2017 Vedteke av kommunestyret 15.12.2016	<b>Budsjett 2018</b> <b>Framlegg frå</b> <b>kontrollutvalet</b>
Rekneskapsrevisjon	220 000	220 000	<b>230 000</b>
Forvaltningsrevisjon	500 000	500 000	<b>500 000</b>
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	130 000	<b>135 000</b>
Drift av kontrollutvalet	100 000	100 000	<b>150 000</b>
<b>Totalt kontrollutvalet</b>	<b>950 000</b>	<b>950 000</b>	<b>1 015 000</b>

Kostnader for dei avtalar som ligg føre med Deloitte AS og Nordhordland Utviklingsselskap IKS er lagt til grunn. Det er i framlegget teke omsyn til aktivitetar som er planlagt for året som kjem innan ordinær revisjon og forvaltningsrevisjon. Det vert rekna ein generell pris- og lønnsauke på 3,5 % i høve budsjett for 2017.



Det vert føreslege ein ekstra auke i drift av kontrollutvalet grunna auke i reglement for møtegodtgjeringa.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert å leggja ved når formannskapet og kommunestyret handsamar budsjettet for 2018.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok eit budsjettframlegg for 2018 med ei total ramme for kontrollutvalet på kr 1 015 000.

**44/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

I kommunestyremøte den 21.06.2017 vart mellom anna følgjande saker handsama:

- 066/17 – Samarbeid om interkommunalt byggetilsyn i Nordhordland
- 070/17 – Politisk styringsstruktur og reglement – presisering av vedtak

Ordførar orienterte om nemnde saker samt orienterte om innstilling til ny samfunnsplan og oppfølging av kommuneplanen for Knarvik.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og hadde ellers ingen merknader.

**45/17 Eventuelt**

Vart handsama etter sak 42/17.

Ordførar orienterte om ulike saker.

Neste møte i kontrollutvalet er 18. oktober kl. 09.00

Knarvik, 06.09.2017

Rolf Henning Hegland, fungerande leiar

Øivind Olsnes, sekretær

